



Årsmøte

VALDRES FOLKEMUSIKKLAG 2012

19. mars 2012



Kjellbjørn Karsrud
Mottakar av Torleiv Bolstads minnestipend 2011

Etnedal spel- og dansarlag
Begnåljom spel- og dansarlag
Vårflaumen spel og dansarlag
Øystre Slidre spel- og dansarlag
Vestre Slidre folkemusikk- og danselag
Valdreskvelven spel- og dansarlag
Valdreslaget i Oslo
Valdresmusea

Kopi til FolkOrg

4. mars 2012

INNKALLING TIL ÅRSMØTE 2012

Me ber med dette medlemslaga inn til årsmøte i Valdres Folkemusikklag måndag 19. mars 2012 kl. 19.00, Festsalen på Valdres Folkemuseum.

Årsmøtet er ope for alle interesserte, og medlemmene i lokallaga har talerett. Alle medlemslaga har rett til to utsendingar med stemmerett. Styret har særskilt lyst til å oppmode representantar frå Valdres Folkemusikkarrangement og Valdresmusea om å møte. Desse har møte- og talerett.

Sakliste og saksdokument ligg ved.

Representantar frå styret og tilsette i VFAS møter og orienterar frå drifta.

VEL MØTT!

Ivar Hemsing
leiar

Frode Rolandsgard
nestleiar

Magne Olav Selland
styremedlem / skrivar

Astrid Olga Bråten
styremedlem / kasserar

Gunhild Nørsterud
styremedlem

Ingrid Skavhaug Vik
vara

Bente Hemsing
vara

Bjørg Berge
vara

ÅRSMØTET 19. MARS 2012

Sakliste

1. OPNING, opprop, val av møteleiar og referent, to til å skrive under protokollen, godkjenning av innkalling og sakliste
2. ÅRSMELDING 2011
3. REKNESKAP Vfl og minnefond 2011
4. ARBEIDSPROGRAM 2012
5. BUDSJETT 2012
6. MEDLEMSKONTINGENT, LAGSKONTINGENT OG BLADPENGAR 2013
7. VAL

Sak 1

Opning, opprop, val av møteleiar og referent, to til å skrive under protokollen, godkjenning av sakliste og innkalling.

Møtet vart kunngjort ved e-post til lokallaga 1. mars 2012, i Låt o` Link nr. 1/2012. Sakspapira vart sende ut 4. mars 2011, altså før fristen på to veker før møtet, som vedtektene seier.

Styret bed årsmøtet gjera dette vedtaket:

Årsmøtet godkjenner innkalling og sakliste og vel desse til ordstyrar, referent og til å skrive under protokollen: ...

Sak 2

Årsmelding for Valdres Folkemusikklag 2011

Årsmøtet

Årsmøtet 2011 vart halde i festsalen på Valdres folkemuseum 17. mars. I alt møtte 22 personar, av desse hadde 9 stemmerett. Fem lag var repr. (Etnedal spel- og dansarlag og Valdreslaget i Oslo hadde ikkje utsendingar). Heile styret i Vfl var tilstades, valnemnda var representert med Ole Aastad Bråten, samt leiar og to styremedlemmer i Valdres Folkemusikkarrangement as, og to tilsette i Valdres folkemusikkarrangement as.

Desse hadde verv i Valdres Folkemusikklag i meldingsåret:

Styret i Folkemusikklaget:

Ivar Hemsing	styreleiar
Frode Rolandsgard	nestleiar
Astrid Olga Bråten	kasserar
Magne Olav Selland	skrivar
Gunhild Nørsterud	styremedlem
Ingrid Skavhaug Vik	1. vara
Bente Hemsing	2. vara
Björg Berge	3. vara

Revisor:

Runar Kolsrud og Jostein Kamben vart vald til å revidere rekneskapen

Nemnda for Minnefonda:

Jørgen Trøen	Vald for 3 år i 2009
Gustav Berger	Vald for 3 år i 2010
Anne Mette Lunde	Vald for 3 år i 2011

Valnemnd:

Nils Leine	Vald for 3 år i 2009
Mette Storeng	Vald for 2 år i 2011
Aud Søyland	Vald for 3 år i 2011

Styret

Styret har hatt 6 styremøte i meldingsåret; 14. april, 6.juni, 15. september, 7. november, 16. januar, 13. februar og har handsama 42 saker.

Styret har også hatt møter saman med VFAS, om evaluering av Jørn Hilme og Strunkeveko samt drøftingar ved tilsetjing av ny dagleg leiar.

Enkeltmedlemer frå styret har vore med på møter om Valdreskappleiken, laga avtale med kulturskulen om oppretting av juniorspelemannslag, dei har vore nattevakter og drivi matarbeid ved helgesamling for ungdom på Vaset, forsøk på oppfølging av lea de samling mm.

Styret har også fått registrert Vfl som «lotteriverdig organisasjon» og sendt søknad til Link Bingo om midlar frå deira overskot til arbeidet vårt.

Arrangement**Valdreskappleiken:**

2. april var «heile» Valdres samla til kappleik og moro på Sør Aurdal ungdomsskule i Bagn. Begnaljom spel- og dansarlag var tilskipar - med Tor Morten Røhr som «i siste liten» general (den opphavlege generalen vart kalla utanlands i jobbsamanheng) - saman med Vfl som ordna domarar til kappleiken samt hadde med Frode Rolandsgard i premienemnda, dette for å ha kontinuitet og god styring med vandrepremiar.

Kveldsøkta hadde konsert, finalespel, tevling og kåring av beste runddanspar, premieutdeling og dans etter orkester og spelemenn.

Dette året også med avvik i forhold til malen som er lagt for Valdreskappleiken, men der Sør- Aurdølene fekk vist oss sitt stemne, bra deltaking, triveleg, det gav og fint overskot til lokallaget

Valdres folkemusikklag var medarrangør i:

- gjennom nettverket vårt informert om konsertar på Valdres Scene
- gjennom nettverket vårt informert om Valdres Folkemusikkarkivar sine Arkivkveldar
Spelemannen Magnus Daleng, 13. april - Lindemann, 15. desember
- Konsert med Novgorod, 13. november, Valdres Scene
Samarbeid med Austnorsk Folkemusikksenter.

Valdres folkemusikkarrangement AS.

Det tredje driftsåret til VFAS er vel i hamn. Samkøying av styreleiar sin kunnskap om regelverk, samt tankar og idear, styremedlemer og dugande tilsette som alle både meinte, høyrde, lærde og jobba, gav eit resultat som vi alle bør vera godt nøgde med. Dette viser at planlegging, budsjett og god oppfølging gjev resultat.

VFAS fekk dette året momskompensasjon for arbeidsåret 2010. Vfl søkte med grunnlag i Vfl og VFAS sin rekneskap til FolkOrg. Beløpet vi fekk refundert fordelte vi så ut frå rekneskapstala.

Dagleg leiar Stian Roland melde i desember at han hadde tilbod om ny jobb. Ny dagleg leiar er tilsett, ho heiter Anne-Marte Før og kjem frå liknande stilling i Isfolket.

Styreleiar Anita Nodland hadde tidleg meldt nei takk til attval. Styreleiar blir vald på generalforsamlinga i vår, men overtek jobben fyrst på hausten etter at stemna er over. Styremedlemene som er på val har også takka nei. Styret i Vfl som valnemnd jobbar med saka, men i skrivande stund er ikkje alt på plass.

Styret i Vfl er glad for den tette kontakten til VFAS, etter både opptur og nedtur i driftsrekneskapen ser vi at styret i VFAS gjer gode grep for å betre den økonomiske plattformen i organisasjonen.

Strunkeveko og Jørn Hilme-stemnet

Me kan sjå tilbake på vellykka arrangement i 2011. Høgt elevtal på Strunkeveko, og eit Jørn Hilme-stemne med god kvalitet på innhaldet. Vi registrerte at det vart take fleire vellukka grep med Hilme-stemnet denne sommaren. Etter omorganisering til AS er ikkje styret i Vfl direkte involvert i arrangementet, men har som eigarar tett kontakt med styret i VFAS.

Gjennomføringa av arrangementa står og fell som alltid på dugnadsinnsats. Våre og lokallaga sine medlemmer utgjer ein stor del av dei frivillige, og desse har lagt ned mange hundre arbeidstimar. Vanskeleg å ha oversikt over alle dugnadstimar, men registrerte timar under stemnet som vedgår vakt, mat, billett, program og kurs er summert til 664. I tillegg kjem alt førearbeid i hovudnemnd m.m.

Det vart gjennomført eit felles evalueringsmøte mellom Vfl, lokallaga og arrangementa i september 2011.

Torleiv Bolstads minnestipend

Vart tildelt Kjellbjørn Karsrud i starten av fredagskonserten på Jørn Hilme-stemnet. Kjellbjørn har spelt hardingfele sidan barndommen, og gjer det stadig betre på kappleikar.

Lokallaga

Det har ikkje vore leiarmøte dette året men fire av lokallaga er representert i Vfl-styret. Kontakten til desse er såleis relativt tett. Det femte aktive laget har det vore god kontakt med både før og etter lokalkappleiken dette året. Lokallaga var også innkalla til evlaueringsmøtet om Jørn Hilme og Strunkeveko. Lokallagsleiarar og enkeltpersonar har og vore spurde etter kandidatar aktuelle til verv i VFAS.

Låt o' Link kom med to utgåver i meldingsåret:

Nr. 2, oktober 2011. Valdres scene, Jørn Hilme-stemnet, aktivitet i laga

Nr. 1, mars 2012 Valdreskappleiken, ungdomssamling, kurs, ny dagleg leiar i VFAS, seminar m.v.

- og elles vanlege meldingssaker, orienteringar, aktuelt, omtaler, lune hjørne og friske stunt.

Valdres folkemusikklag takkar Kjell Bakken som var redaktør fram til sommaren, og Oddrun Hegge som tok over redaktøransvaret.

Alle utgåvene var på 16 sider, og Nils Leine brekker om bladet som blir kopiert på vår eiga kopimaskin og stifta på dugnad.

Ungdomssatsinga

Ungdomssatsinga i Valdres har vore prega av at Valdres folkemusikklag har satsa på fellesøvingar for elevar i kulturskulen og andre. Det har vore gjennomført 9 kveldssamlingar i meldingsåret, og ei helgesamling på Vaset. Det har vore med cirka 8-10 på hardingfele og 5-6 på langeleik. Vi har også prøvd å få til tilbod på torader, men slit litt med organiseringa av dette.

Helgesamlinga på Vaset var i samarbeid med Hallingdal juniorspelemannslag, og her var det med 23 ungdommar frå både dalføra, derav 4 toraderspelarar frå Valdres. Instruktørar var Jan Beitohaugen Granli, Sjur Borge og Oddrun Hegge. Dans og leik om kvelden, aking og overnatting gjorde dette til ei flott samling.

Lea de, Bygda dansar i Oppland

Både Vfl og Gudbrandsdal Folkemusikklag ynskjer å dra veksle vidare på Lea de prosjektet. Tanken er gjennom eit par regionale samlingar i året å bruke ungdomane som instruktørar og motivasjonsfaktor for nye årgangar. Det var tenkt ei fyrste samling i mars, men den er utsett til seinare i vår. Slik sa vi det for eit år sidan. Vårsamling var vanskeleg grunna eksamenar, ferie og sumarjobb. Ei jolesamling på ØSUS vart planlagt, instruksjon i halling, springar og planer vidare, samt nyttårsfesten på Herangtunet som avslutning. To påmelde resulterte i avlysing.

Tradisjonsdans

Valdres folkemusikklag har prøvd å få til samarbeid med tradisjonsdans-tilbodet på Valdres vgs om felles øvingar etter juniorspelemannslag-øvingane, og før Frikar dei same kveldane har hatt tilbod om lausdansundervisning.

Det har vore lita oppslutning om dette dansetilbodet, utanom dei som allereie er på speløvingar, men desse har fått sær god undervisning av Stian Roland.

Valdres folkemusikklag har ikkje vore involvert i tradisjonsdans-tilbodet på vidaregåande, dette har vore organisert av Ung i Valdres sjølve.

På Frikar-øvingane har det vore med frå 4-5 elevar frå ungdomsskule/ vidaregåande. Dette er organisert av Frikar. Instruktørar har vore Frikar-utøvarane, samt nokre andre frivillige når frikar-dansarane ikkje kunne.

Andre viktige oppgåver.

Henvendelse frå hyttefolk på Beitostølen

Har skaffa spelemann til vedkomande sitt bryllaup no i april 2012.

Arbeide for å ta vare på den lokale runddanstradisjonen

Vfl bør framleis og endå meir fokusere på runddansen. I vårt miljø har vi i mange år vore bevisst på å gjera runddansen og bygdedansen likestilt på våre tilstellingar. Dette fungerer oftast svært bra. Men ser vi utanom miljøet har runddansen tapt terreng siste 25års-bolken. Dansefestane på grendahuset er borte, det betyr at mykje ungdom som ikkje høyrer miljøet til no heilt mistar denne fyrste kontakten med runddansmusikken.

Vi bør også gjera meir for at runddansspelet kan nå ein like høg status som bygdedansspelet har. Endringane som vart gjort med lokalkappleiken vår har positive ringverknader, forhåpentleg også det FolkOrg no gjer med Landsfestivalen i gamaldansmusikk.

Storefjelltreffen 6.- 8.mai.

Dei har konkurranse i klassene rekrutt, junior og senior samt duett durspel, i tillegg orkesterklasse. Dei har fleire typar kurs for spelemenn samt dansekurs med Stian og Tone som instruktørar. Mange av oss har vore der og dansa eller spelt, eit flott treff.

Dette året fekk vi søknad om støtte til årets Storefjelltreff. Vfl støttar Storefjelltreffen økonomisk, særleg grunna ungdomssatsinga «nybyrjarar torader – instruktør Willy Rustad».

Diskusjonsforum

Det har ikkje vore arrangert diskusjonsforum i 2011, men det var ope evalueringssmøte for Hilme-stemnet hausten 2011. Her var lokallaga spesielt invitert.

Kurs

Det har ikkje vore arrangert kurs i 2011

Austnorsk folkemusikksenter

Austnorsk folkemusikksenter (Af) vart stifta i oktober 2009 med Vfl som ein av stiftarane. Det vart tilsett ein dagleg leiar i 60% stilling frå 1.1.10. Senteret skal jobbe med kompetanseheving og vera tilgjengeleg for profesjonelle folkemusikarar på Austlandet. Austnorsk folkemusikksenter er ein del av nettverket Rytmaskompetansenettverk for Østlandet (RKØ).

Af har jobba mykje med å arrangere konsertar på Valdres scene i meldingsåret. Vidare er dei arrangørar av ei rekke kurs og driv med rådgjeving for utøvarar og arrangørar.

Samarbeid med andre

Samarbeid med Valdres Ungdomslag er eit faktum, litt ved at VUL informerer i eigne rekkjer samt ved å støtte økonomisk våre aktivitetar retta mot ungdom. Kan hende fins det ungdomar i Valdres som Vfl ikkje når, som på dette vis kan få kontakt og glede av våre aktivitetar.

Folkemusikk for notid og framtid

Tilskotsordninga Folkemusikk i notid og framtid hadde sitt siste ordinære år i 2010, fylket ville ikkje bidra med fleire midlar. Kommunane held fram, men då med ei endring i retning opplegg tilpassa skular og barnehagar.

Vfl er nemnd som samarbeidspart, men utan å få informasjon om kva som gjekk føre seg. Vi tok kontakt, Vfl er no med og sender ut informasjon i vår organisasjon og vi skal i løpet av året i samtale om kva samarbeidet elles skal vera.

Pådrivar i kontakten mellom kulturskulane og lokallaga om felles satsing

Valdres folkemusikklag har samarbeidd med kulturskulane i Valdres ved å kjøpe lærartenestar av kulturskulen til juniorspelemannslag. Kulturskulen har gjeve oss rabattert timepris.

Kulturskulane har også starta eit helgetilbod dei har kalla Valdresakademiet, som driv med dagundervisning for elevar nokre helgar. Det har så langt vore ei samling. Valdres folkemusikklag er ikkje involvert direkte i dette, men dei har hatt tilbod både i fele, langeleik og torader.

Representasjonar

Representantskapsmøte i Rff

Vfl hadde ingen representant på møtet.

Årsmøtet til FolkOrg

VFL hadde utsending på årsmøtet i Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg. Årsmøtet i FolkOrg er no flytta frå hausten til april.

Deltaking på landskappleik og landsfestival

Det var som vanleg god deltaking av valdrisar på Landskappleiken, i Seljord i år.

Dei beste valdresplasseringane på Landskappleiken var 1. plass i dans hardingfele kl B til Tora Skavhaug Vik og Sivert Holmen, 3. plass til Andris Hemsing i spel hardingfele kl. C, 4. plass til Valdres juniorspelemannslag, 1. plass til Kristin Lie i langeleik, junior, 1. plass til Lise Lunde Brennhagen i langeleik, senior, 4. plass i lausdans kl B (og opprykk til klasse A som fyrste kvinne nokon gong) til Silje Onstad Hålien, 1. Plass til Vårflaumen spel- og dansarlag i lagdans, 1. plass til Tone Voldhaug og Stian Roland i dans hardingfele kl. A, 1. plass til Anders Erik Røine i munnharpe senior, 1. plass i laudans kl A til Hallgrim Hansegård

På Landsfestivalen var den beste valdresplasseringa at Tom Kjetil Tørstad kom på 3. plass i durspel, senior.

Marknadsføring/internett

Det er laga nye nettsider i samarbeid med VFAS (Hilme-stemnet og Strunkeveko). I tillegg vart Valdres scene invitert inn som ein 4. samarbeidspartnar slik at vi har fått samla all aktivitet på ei side. Nettsidene til laget er oppdatert gjennom heile året.

Heimesideadressa vår er: www.valdresfolkemusikklag.no.

Laget brukar òg ei omfattande e-postliste til medlemmer og folkemusikkinteresserte. Denne blir nytta til utsending og vidareformidling av informasjon.

Eiga i laget

Arbeidet med å registrere eiga i laget, slik som permar, kassetar, bøker, "restar" etter ulike tilskipingar, kulissar, lydutsyr, lysutstyr, instrument o.a. held fram. Laget eig mellom anna ein Trondefelekopi som i perioder er utlånt til spelarar med særleg interesse for gamal dâm. Ein uferdig kontrabass med etui er òg i laget si eige.

Styret må elles vera budd på å ta fatt i aktuelle saker som dukkar opp i arbeidsåret.

29.oktober var det æresfest for Knut Steinsrud. Vfl ved leiaren helsa festlyd og familie med nokre ord til minne om Knut.

25.november fekk Trygve Bolstad Sør Aurdal kommune sin kulturpris. Vfl ved leiaren helsa og overrekte blommar.

Avsluttande kommentar.

Ikkje alt i arbeidsprogrammet har fått like mykje merksemd frå Vfl sitt styre. Dei unge er nok den gruppa vi har satsa mest på dette året og. Vi har sett at ting ikkje går av seg sjølv og arbeidet berre må drivast vidare om vi skal lykkast. Målet; å skape samlingar ungdomane har lyst å reise til, dei blir kjent med kvarandre over grensene for eigen aktivitet, har eit breiare nettverk og dermed ikkje så åleine når dei er på landskappleik eller tilsvarande. Så får årsmøtet avgjera om dette er rett eller feil satsing.

Styret rår årsmøtet til å gjera dette vedtaket:

Årsmøtet tek årsmeldinga til vitande.

Sak 3

Rekneskap for 2011, Vfl og minnefonda

(Sjå vedlegg)

Astrid Olga Bråten har vore kasserar for laget også dette året. Vi ser framleis kor viktig det er med kunnskap hjå økonomiførande.

Rydding og tiltak for oversikt, og for å rette på økonomien:

- *Kopimaskina*: VFAS er største brukaren. Med omsyn til dokumentasjon av utgifter m.v. overfor revisor er det difor ryddigare om dei er eigar, at Vfl og andre betalar etter faktura for sin bruk. Dette vil gje betydeleg mindre arbeid for kasserar i Vfl.

- *Søkje tilskot*: Flinke til å søke om tilskot retta direkte mot aktivitetar som laget set i gang.

- *Søkje Link Bingo*. Vfl er registrert i Lotteritilsynet, alle organisasjons- / tillatelsesnr er på plass og søknad er sendt. Vfl er aktuelle for tildeling frå Link Bingo i 2013.

- VFL v/ Ivar har fått til eit *samarbeid med Valdres ungdomslag*, aktivitetar retta mot barn og ungdom. Det er tale om utgiftsfordeling til drifta.

- *Juniorspelemannslaget*, samarbeid med kulturskulane, gjev gratis øvingslokale, samt at Vfl kjøper rabatterte instruktørtenester i kulturskulen og slepp arbeidsgjevaransvar.

- *Momskompensasjon*. Vfl søker for eige og VFAS sin del. Momskompensasjon for 2010 er tildelt og VFAS sin del utbetalt.

Øyremerka midlar:

På driftskontoen står det framleis ubrukte midlar frå den testamenterte gåva frå Ragna Brenno Frydenberg, slik òg med øyremerka midlar til ungdomstiltak. Kasserar fører i rekneskapen slik at vi ser kva konto som blir belasta.

Vfl betalde avgifta for juniorspelemannslaget og ei gruppe samsett frå Lea de ved årets landskappleik. Vidare har ungdomstiltaket valdres juniorspelemannslag blitt belasta rekrutteringsfondet.

Styret rår årsmøtet til å gjera dette vedtaket:

Årsmøtet tek det framlagde rekneskapet for 2010 til vitande.

Sak 4

Arbeidsprogram for 2012 – 2013

Målet må vera:

- å ta vare på folkemusikken og dansen i Valdres, ein viktig del av kulturarven vår som berre kan overleva ved å vera ein del av aktiviteten vår og liva våre.
- å gjera dette på ein slik måte at det skapar gode samværmiljø for alle aldersgrupper, tek vare på mennesket, skapar ei identitetskjenning og kjensle av eigenverdi.

Midla kan vera:

- å styrke dansen i alle aldersgrupper
- å rekruttere utøvarar i alle greiner
- å oppmode utøvarar til å stille som instruktørar
- å ta vare på dei som alt er aktive, men som treng eit styrkt miljø rundt seg til ideologisk inspirasjon.
- å samarbeide med andre lag, organisasjonar og institusjonar der det er nyttig.

Framlegg til arbeidsprogram for 2012–2013

Arrangement

Valdres folkemusikklag skal:

- Arrangere Valdreskappleiken 27. mars med Vårflaumen som lokal tilskipar.
- fungere som aktive eigarar av Valdres folkemusikkarrangement AS
- Stø opp om gjennomføringa av Strunkeveko og Jørn Hilme-stemnet, yte nødvendig dugnadsinnsats.
- samarbeide med andre om førefallande arrangement der det er naturleg å stø opp.

Styrking av lokallaga

Valdres folkemusikklag skal:

- støtte lokallaga i arbeidet deira og samordne aktiviteten
- arrangere felles møte med alle lokallagsstyra
- gje ut meldingsbladet Låt o` Link
- stø sovande lokallag eller prøve å by aktive medlemmer i desse områda å delta i aktivitet i lag som er vakne.
- laga ei samordna vervekampanje for å få inn att medlemmer som har falle ut av FolkOrg-lista ved overgang til nytt registreringssystem. Saumfara miljøet etter aktive utøvarar som ikkje er medlemmer.

Ungdomssatsinga

Valdres folkemusikklag skal:

- følgje opp og leggje til rette for dansesamlingar med ungdom,
- vera pådrivar for at tilbodet i Tradisjonsdans ved Valdres vidaregåande skule held fram,
- følgje opp det fruktbare samarbeidet med Ung i Valdres
- Stø opp om tiltaket Juniorspelemannslag for torader, langeleik og hardingfele med samling ein gong i månaden, samt gjennomføre ei helgesamling i halvåret i samarbeid med Hallingdal juniorspelemannslag.
- disponere ungdomsfondet til beste for rekrutteringa i Valdres (eigne statuttar)

Andre viktige oppgåver

Valdres folkemusikklag skal:

- drive marknadsføring, m.a. oppdatere heimesida jamnleg.
- arbeide for å ta vare på den lokale runddanstradisjonen, m.a. gjennom å dra fram lokale utøvarar som kurshaldarar og vera ein støttespelar for Storefjelltreffen.
- arrangere diskusjonsforum etter behov vår/haust
- arrangere kurs som miljøet har bruk for
- arrangere dommarkurs

Samarbeid med andre

Valdres folkemusikklag skal:

- samarbeide med Valdres folkemusikkarkiv, Valdresmusea, Austnorsk folkemusikksenter
- vera pådrivar for at det er kontakt mellom kulturskulane og lokallaga om felles målgruppe, opplæring og rekruttering
- ha representantar på årsmøtet til FolkOrg, og på representantskapsmøtet i Rff, og oppmode medlemmer til å delta på nyttige kurs, seminar og møte
- halde kontakt med Gudbrandsdal Folkemusikklag, Vestoppland Folkemusikklag, og Hedmark og Oppland musikkråd.

Styret må elles vera budd på å ta fatt i aktuelle saker som dukkar opp i arbeidsåret.

Styret rår årsmøtet til å gjera dette vedtaket:

Årsmøtet sluttar seg til det framlagde arbeidsprogrammet for 2012.

Sak 5

Budsjett for 2012

(sjå vedlegg)

Styret rår årsmøtet til å gjera dette vedtaket:

Årsmøtet vedtek det framlagde budsjettet

Sak 6

Medlemspengar for 2013

Tidlegare

Medlemspengane for vaksne kr. 75

Borne-/ ungdomskontingenten (t.o.m. 18 år) kr 25.

Lagskontingent kr 1 000 vart dette året sagt vi ikkje kravde.

Ikkje-medlem kan abonnere på medlemsbladet Låt o' Link for kr 100,-

Styret rår årsmøtet til å gjera dette vedtaket:

Medlemspengane for vaksne står uendra på kr. 75

Borne-/ ungdomskontingenten (t.o.m. 18 år) står uendra, kr 25.

Ikkje-medlem kan abonnere på medlemsbladet Låt o' Link for kr 100,-

Sak 7

Val

Valnemnda si innstilling blir lagd fram på møtet.